

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

Referat 16. oktober 2018

Skype

Kl. 14.00-15.00

Til stades: Lisbeth Morlandstø (leiar), Magnus Hoem Iversen, Marika Lüders og Terje Skjerdal (ref).

Forfall: Lin Prøitz, Tine Eide og Balder Holm

1. Innkalling

Godkjend utan merknader.

2. Referat frå styremøte 11. september 2018

Godkjent utan merknader.

3. Orienteringar

- «Young challenging scholar» til den nordiske medieforskerkonferansen 2019: Styret drøfta namn og melder inn forslag til to personar; ei kvinne og ein mann.
- Deltakar på dei nordiske planleggingsmøta: Den nordiske komiteen ynskjer at Lisbeth stiller, mtp erfaringa hennar med konferansar dei siste to åra.

4. Medieforskarkonferansen 2018

Det meste er i rute. Andy Williams har måtta meldt forfall (sjukdom i familien). 100 påmelde – svært bra! Lisbeth deler ut prisar. Medieforskarlaget dekkjer reiseutgifter for Magnus (har hatt ein del oppgåver i samband med konferansen).

5. Generalforsamlinga

- Skjer i Bodø under konferansen, torsdag 18. okt kl. 17.
- Innkalling vart sendt ut til medlemene 27. september.
- Revisorrapport ok.
- Ingen ekstrasaker mottekne.

6. Medlemskapssaka

- 35 nye medlemmer sidan sist (etter oppfordring som vart sendt ut til konferansepåmelde som hadde opplyst at dei var medlemmer utan å vita at dei var strokne).
- Terje sjekkar den siste påmeldingslista for å finna ut om det gjeld fleire.

- Ser ut som om ein del av dei som har meldt seg inn i 2017 og 2018, aldri har fått giro fordi mottakaren av e-skjemaet i Aschehoug er gått av med pensjon. Magnus har ordna opp i dette, slik at skjemaet no går til ein annan medarbeidar.
- I november, når det nye styret er i drift, sender NML ut oppfordring til gamle medlemmer om å melda seg inn att. Greitt å venta med dette til slutten av året, slik at medlemskapen då gjeld frå januar 2019 (og dei slepp å få to giroar med ein månads mellomrom).
- Giro vil heretter bli sendt på epost i staden for per brev. Terje har avtalt med Aschehoug (Atussa Hosseini) at NML oppdaterer epostlista.
- Til sist, når brev er sendt ut til gamle medlemmer, oppdaterer me epostlista og slettar alle som ikkje er medlemmer.
- Aschehoug har ikkje noka ordning for Vipps, så innbetaling må framleis skje via bankkonto.

7. Høyringsnotat om endringar i reglane om kjeldevern

Me utset saka. Fristen for høyringsfråsegn er 1. februar 2019.

Terje Skjerdal (ref)